
Vår referanse 2020/44942-2
Dato 27.03.2020

ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5480 - garasje - gnr 488 bnr 15 - Alver kommune

Vi viser til søknad oversendt frå Alver kommune 10.03.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5480 for å oppføre garasje på gnr. 488 bnr. 15 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 5480, hp 1, m 2892 / Sæbøvegen 291

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med vedlagt situasjonsplan.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5480 skal vere minst 15 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkørsel må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fv. 5480.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
7. Dette vedtaket føreset at tiltaket vert gitt godkjenning og byggeløyve frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrense langs fv. 5480 er sett til 50 meter. Her er ikkje snarleg og framtidig planar for breiddeutviding. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet,

arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 15 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

Rett til å klage

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Eva Sundal
Overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:
Situasjonsplan
Skjema: klage over forvaltningsvedtak
Veglova § 29 og 30

Kopi til:
ALVER KOMMUNE

Tiltakshavar Morten Frantzen